07.05.2010

# Dølemo Nærmat AS

**Dagligvarebutikken for DEG!**

Kontaktperson:
Daglig leder: Daniela Plozicki
Styrets formann: Olav E. Føreland

# Månadsbrev

April

## Kraftige innsparingar på Joker Dølemo

Som ein fylgje av den omstillinga vi har sett i gang for å betre drifta av Joker Dølemo, har vi i samarbeid med dei tilsette redusert kraftig på mengda utlønna timar frå butikken. Dette blir gjort utan å redusere opetida! Vi må få lov til å skryte mykje for den viljen Ranita og Daniela har vist til å prøve å betre resultatet, og å få til ei sunnare drift. Vi må vere klar over at arbeidsbelastinga er den same og at dei nok i mange høve er med på å drive ein form for dugnad for butikken. Alt for å redde arbeidsplassane.

Med bakgrunn i dette ber vi om forståing for at det kan ta noko lengre tid å få varer ut i hyllene og få rydda i butikken. Vi er svært glad om nokon av dykk ser verdien av det vi prøver å få til, og kanskje kan vere med litt av og til med å rydde og å sette ut varer. Hugs at det ikkje tar så lang tid om ein er fleire til å hjelpe. Det trengs mest hjelp på torsdag ettermiddag og fredag formiddag. Ta gjerne kontakt med dei tilsette! :-)

### Månadens DølemoJoker

Vinnaren for april vart **Bodil Vehus** som kan kose seg med eit gåvekort på kr. 500,- Gratulerer!




| | 13 | 14 | 15 | 16 |
|---|---|---|---|---|
| 2010 | 88 403 | 70 416 | 84 655 | 84 749 |
| 2009 | 65 274 | 69 151 | 82 516 | 52 781 |
| Brutto 2010 | 19 777 | 15 291 | 16 977 | 18 830 |
| Brutto 2009 | 13 933 | 14 015 | 18 795 | 12 130 |

Helsing styret i Dølemo Nærmat
v/Olav E. Føreland / Styreleiar Tlf: 90591955